

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 28.02.17

SAKSHANDSAMAR: Laila Nemeth

SAKA GJELD: **Forprosjektrapport Haugesund sjukehus**

ARKIVSAK:

STYRESAK: 15/17

STYREMØTE: 07.03.17

1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar forprosjektrapport for Haugesund sjukehus til orientering

Bakgrunn for saka

Forprosjektet for ByggHGsd2020 er ferdigstilt. Teikningar over dei ulike einingar og kliniske sentra er utforma i tråd med tidligare vedtekne driftsmodellar. Dei ulike rom og utstyr knytt til byggetrinn 1 er programmert, og medflyttbart utstyr er identifisert. Det har vore eit stort engasjement med gode innspel og diskusjonar både mellom, og på sjølve møta. Prinsipp og driftsmodellar frå konseptfasen, samt dei vegvala som blei gjort etter OU prosessen i vår, ligg til grunn for det ein no har prosjektert og programmert. Dei kliniske sentre på tvers av fagområder vil støtte opp om god behandling og utgreiing for pasientane, prinsippet om at pasientane skal gå på eigne bein i størst mogleg grad og at bygget legg til rette for framtidsretta teknologiske løysingar.

Det er lagt opp til kostnadsstyrt prosjektering i både konsept- og forprosjektfasen. Det er i prosjektet løypande utført vurderingar av usikkerheit og kostnad. Ein har tilpassa prosjektet i tråd med kostnadskalkyle og usikkerheitsanalyse slik at ein heile tida har sikra at prosjektet held seg innafor den berekna budsjettamma. Prisnivå i kostnadskalkyle og økonomiske rammer er nå rekna om til 2016 kroner (01.07.16). Økonomisk ramme (P85) er da 1.853 milliardar kroner i byggetrinn 1. Siste utsjekk på usikkerheitsanalysen viser at prosjektet har ein kostnadskalkyle inklusive usikkerhet på P85 på 1.850 milliardar kroner, det vil seie 3 millionar kroner under ramma på P85.

Prosjektet har lagt opp til ei tett oppfølging av dei gevinstane som er identifisert og berekna i konseptfasen. Ei rekke kvalitative og kvantitative gevinstar er identifisert. Etter kvart prosjektgruppemøte har det vore møte med dei kliniske prosjektleierane og gevinstrealiseringsgruppa for å detaljere, spesifisere og kvalitetssikre gevinst. Berre dei gevinstane som let seg gjennomføra i praksis har blitt tatt med i berekninga. Det er i forprosjektet identifisert og detaljert ut økonomiske gevinstar for i overkant av 64 millionar kroner, kravet er 45 millionar kroner. Gevinstane skal takast ut i løpet av dei tre fyrste åra etter innflytting, og deretter haldast fram mot byggetrinn to.

Det har vore ei rekke interne og eksterne møter med dialog og informasjon om prosjektet undervegs. Prosjektet har hatt faste informasjonsmøter i auditoriet, og fleire møter med eksterne samarbeidspartar. Prosjektet har i tillegg vore invitert på ei rekkje arenaer for å informere om byggeprosessen. Det er etablert eit godt samarbeid med Sykehusbygg HF.

Arbeidet med reguleringsplanen skjer i god dialog med Haugesund kommune, og er rekna ferdigbehandla hausten 2017.

Prosjektet leverer forprosjektrapport før tid og i høve til kvalitet og kostnad.

Forprosjektrapporten med sitt hovuddokument og vedlegg svarar ut vedtaket frå Helse Vest samt merknader i KSK (ekstern kvalitetsikringsrapport) frå konseptfasen

Styret vil i møte 07.03.17 få ei lesevegleiing og presentasjon av rapporten.

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Fonna HF handsamer forprosjektrapporten på styremøtet 03.04.17.

Administrerande direktør planlegg vidare å gå gjennom forprosjektrapporten med styret i Helse Vest RHF 03.04.17.

Vedlegg:

Forprosjektrapport